



Tekst & musikk

**FREDDIE
LANGRIND**

TIDENDE: FRIFINNINGA !

Kongens brev til sorenskrivar Peder Kaatte har ført til ny handsaming. Otte har handla i naudverje.

Høyr mitt ord og lyd mitt bod - Tidende på helle -
Sed og skikk skal aktast på - Det er høgt over høgste fjellet -

Nådeferd og kongebrev - Tidende på helle -
Vi har høyrte kva kongen krev - Det er høgt over høgste fjellet -

Saka lyfta opp og fram - Tidende på helle -
Utan gissing, slarv og skam - Det er høgt over høgste fjellet -

Otte visste vel å slå - Tidende på helle -
Ole kjempa likeså - Det er høgt over høgste fjellet -

Oles sinne gjekk i svart - Tidende på helle -
Otte slo, men slo for hardt - Det er høgt over høgste fjellet -

Sterke never, mann mot mann - Tidende på helle -
Augo flimrar, tann for tann - Det er høgt over høgste fjellet -

Lyfta høgt med sanningsljom - Tidende på helle -
Dette er vår rettferdsdom - Det er høgt over høgste fjellet -

TINGMANNEN frifinnar Otte med ei bot.